



FANTASI- BOKA

Nynorske

forteljingar



BARN
SKALD



Andre bøker i serien:

Godnattboka (2007)

ISBN 978-82-7959-107-8

Eventyrboka (2009)

ISBN 978-82-7959-138-2

Trøysteboka (2011)

ISBN 978-82-7959-166-5

Monsterboka (2013)

ISBN 978-82-7959-191-7

* * *

ILLUSTRASJON: Gunvor Rasmussen

GRAFISK DESIGN: Silje Nes

LAYOUT: Gunvor Rasmussen og Øystein Vidnes

TRYKK: GPS, Slovenia

© SKALD 2016

www.skald.no

ISBN 978-82-7959-239-6

Innhald

Det vesle trollet og den fantasilause forfattaren	AV KARI SMELAND	S. 9
Onkel Kardunkel og dei sjeldne fuglane	AV ODD W. SURÉN	S. 21
Knurrebakkedinken og Grublebakkedinkens nye vår	AV LARS MÆHLE	S. 31
Rosa og einhyrningsdraken	AV GUNVOR RASMUSSEN	S. 43
Vesle og ostepopmagikken	AV MARIA PARR	S. 55
Gledestjuven Moggo	AV BENTE BRATLUND	S. 65
Syskrinet SA	AV GURI SØRUMGÅRD BOTHEIM	S. 75
Har nokon sett Sherman?	AV INGELIN RØSSLAND	S. 87
Mugghilds magiske kjærastebrygg	AV ERLEND KAASA	S. 97
Fuglen i treet	ANDERS TOTLAND	S. 107
Opus og dei fargerike bålleskvattane	AV KARL SEGLEM	S. 117
Dronninga av Solberget	AV SOLFRID SIVERTSEN	S. 129
Den utvalde	AV TOR ARVE RØSSLAND	S. 139
Dei beinlause	AV ØYSTEIN VIDNES	S. 151
Den skjelvande trappa	AV ØYVIND VÅGNES	S. 163
Eit bål ved eit vatn	AV LINN T. SUNNE	S. 173
Talgsjøfolket	AV METTE KARLSVIK	S. 185
Jenta med snøkrystalltårer	AV BRYNJULF JUNG TJØNN	S. 197

Forfattaren reiste seg og plasserte det vesle trollet trygt på skuldra, og dei to vinka ha det bra til elgen og bjørnen.

– Det heiter «Det vesle trollet og den sprø forfattaren flyg jorda rundt på ein drake». Og eventyret etter det blir «Det vesle trollet og den gamle forfattaren feirar jul med heile skogens tusseslekt», og så kjem «Det vesle trollet og den krokete forfattaren vinn hjartet til huldra».

– Kor trur du alle dei eventyra er? spurde trollet.



– Dei er der du og eg er, sa den gamle forfattaren.

Han smilte lurt og gjekk med lange skritt bortover stien som førte dei djupare og djupare inn i skogen. Til slutt var dei så langt unna at dei berre var to små prikkar som nesten ingen kunne få auge på.



Neste dag synte eg onkel Kardunkel teikninga.

Han nikka og smilte. – Der har du knifinken, ja. Møter eg ein slik, veit eg straks kva det er for ein. Men no må me skriva ned korleis han lever, og korleis han er. Er han stor eller liten?



- Ja, sa eg.
- Bra, sa onkel Kardunkel, – då skriv eg det. Han fann fram ei kladdebok og ein blyant og skreiv: Knifinken er både stor og liten.
- Er han det på same tid, trur du? spurde eg.
- Det skulle ikkje forundra meg, sa han. – Ein veit aldri med knifinken. Så er det eit anna spørsmål: Kor lever han?
- Eg trur ikkje han held seg her, sa eg, – for eg har aldri sett han.
- Onkel Kardunkel tenkte seg om litt, og så sa han: – Det er ein by som heiter Krakow, og når det finst ein by med eit slikt namn, finst det vel også byar som heiter Kykkelikykow, Kokokow og Kvirrevittkow. Der finn du nok knifinken.
- Det seier seg i grunnen sjølv, sa eg.
- Det rare er at knifinken likar seg så godt i byane, sa onkel Kardunkel.
- Men det som er mest merkeleg, er vel det at han har eit vindauge i brystet, sa eg. – Og gardin og blome på innsida.
- Onkel Kardunkel såg opp i taket og kakka seg på framtennene med blyanten.
- Det er sant, sa han. – Det er underleg. Ein skulle nesten tru det budde nokon inne i han.
- Kan det vera svaret på korleis han kan vera både stor og liten? spurde eg. – Den vesle er den som bur på innsida, kanskje?
- Der har du det, sa onkel Kardunkel.
- Men det er ikkje noka dør der, sa eg. – Korleis kjem han seg ut og inn?
- Onkel Kardunkel såg på teikninga.

Plutseleg kom Grublebakkedinken på kvifor han hadde sprun-
ge opp i 2. etasjen.

– Du må bli med ut og sjå! Det er ei tom tønne nede i fjøresteinane!
Ei gul ei.

– Ei gul tønne?

No fekk sjølv Knurrebakkedinken fart på føtene.

To minutt seinare stod dei nede ved brygga. Knurrebakkedin-
ken i den gule pysjen og tøflane med to høl i og med den halve bar-
ten. Dei stod heilt tause og berre kikka mot det store mysteriet.

Ei tom, gul tønne.

Knurrebakkedinken murra:

– Det er no utruleg typisk òg, da! Tenk at det skal komme ei tøn-
ne drivande hit akkurat den første vårdagen. Eg som hadde gledd
meg slik til å knurre i skuggen av furua i dag.

– Det eg trur, drista Grublebakkedinken seg til å seie, – er at det
var nokon oppi.

– Oppi den gule tønna? Ein bakkedink, meiner du?

Dei kikka seg raskt omkring.

– Det er da ingen her? sa Knurrebakkedinken.

No dukka det straks opp enda fleire
spørsmål i hovudet til Grublebakke-
dinken. Ja, om det no verkeleg gøym-
de seg ein annan bakkedink her på
øya: Var det da ein snill bakkedink?
Eller ein skikkeleg slem ein? Ein
slik som gjekk rundt og slo folk på
skuldrene?



Dei begynte å leite. Først såg dei gjennom alle moglege gøymestadar i det høge, skeive fyret. Men alt dei fann, var ei daud fluge i kjeksboksen. (Knurrebakkedinken meinte det var den som hadde ete opp alle kjeksa.)

Dernest gjekk dei bort til furua med tre kongler i. Men heller ikkje der gøymde det seg nokon bakkedink. Knurrebakkedinken stira lengselsfullt mot skuggen.

No hadde Grublebakkedinken fått ein super idé. Den kanskje beste gøymestaden var jo bak den peanøttforma steinen – på toppen av øya!

Dei gjekk opp dit. Men heller ikkje der var det nokon bakkedink å sjå. Korkje framfor, bak eller oppå steinen.

Dei skulle til å gi opp heile leitinga, særleg Knurrebakkedinken, som lengta slik etter å knurre under furua. Men Grublebakkedinken var fast bestemt på å tenke veldig hardt i nokre minutt til. Og til slutt fekk han jammen enda ein idé.

– Kanskje vi skal sjå nede i båthuset?

Knurrebakkedinken stønna.

– Nei, der er det da ikkje plass til nokon bakkedink! I alle fall ikkje i den knøttvesle senga.

Men Grublebakkedinken ville no ta ein kikk likevel. Så dei vandra frå den peanøttforma steinen og ned mot brygga att. Heile veggen nedover knurra og murra Knurrebakkedinken noko veldig.

Da dei stod framfor båthuset, såg dei det, begge to: Døra stod på gløtt.

No blei Knurrebakkedinken litt nervøs.

– Er du heeeelt sikker på at vi skal opne døra?

Ugla skulde tilbake. – Du kjem til å ha bruk for meg skal du inn i Svartskogen. Eg kjenner stiane godt.

Rosa såg ekstra lenge på ugla.

– Draken eg er etter, er regnbogefarga, har lange, lyseblå klør og sprutar eld. Du skjøner det?

– Store, gule auge har han nok også, kan eg tenke meg, svara ugla.

– Ho, svara Rosa. – Og store, rosa venger.

– Å, det er ein damedrake? Auga til ugla vart smalare. – Då har ho nok kvasse tenner også.

– Mest sannsynleg.

– Høyrest ut som du treng meg, ja. Ugla tok av frå greina og flaug innover stien. Rosa følgde henne.

– Denne einhyrningsdraken din, trur du ho også har lapp over det eine auget? spurde ugla mens ho sirkla over Rosa på den mørke stien.

– Ja, det trur eg, svara Rosa. – Og så bur ho i eit slott.

– Slott? Ugla landa på skuldra hennar.

– Alle drakar må ha eit slott. Kvar skulle dei elles ha gøymt alt gullet?





– Eg veit om ein som kanskje kan
hjelp oss å finne einhyrningsdraken. Følg etter meg.

Etter ei stund fekk dei sjå noko stort som hang mellom ei klynge av tre. Det var ei svær svøse av tøy surra inn i masse reip og taljer, og under skimta ho noko som likna baugen på ein båt. Ugla flaug bort og sette seg på ei grein.

– Er du heime? spurde ho bylten.

– Kven der! ropa ei lita stemme. Det kom frå bylten. Rosa hadde aldri snakka med ein tøybylt før og lurte på kvar det var høflegast å sjå.

– Eg er Rosa, og dette er min venn Ugla.

Bylten rørte seg, og fram stakk ein liten musekar med svart snute og to store øyre.

– Ei mus! Rosa lo og strekte armen ut mot han. Ugla klukka. – Vi tenkte kanskje at du visste kvar einhyrningsdraken held til. Du reiser jo mykje med luftbåten din. Utan luft i, ser eg.

– Den treng berre nokre sting, så kan eg få i gang pumpene, svara den vesle musa



oppdagar nokon. Det er som om han alltid er svolten og aldri får nok. Han er heile tida på jakt etter meir.

Vesle Sol løftar andletet og lèt seg klappa av varmen.

– Å, for ein fin dag vi har i dag, seier ho.

Ho festar ein ny blom i kransen sin.

Då er Moggo der straks.

– Det blir heilt sikkert snart regn og styggevær, seier han.

Han ser på blomane ho har i hendene.

– Og dei blomane der visnar nok med ein gong.


Spretne Liv har gjort ferdig blomekransen sin og set han i håret.

– Eg gleder meg slik til festen i morgon, seier ho forventningsfull. Ho elsker å dansa og trippar alt med foten.

– Pøh, ingen kjem til å vilja dansa med deg, gryntar Moggo. Han bøyer seg fram med gapet ope.

– Du kjem til å snubla i ei tre-rot, og alt kjem til å bli fælt, seier han høgt.

– Hald fred, tiggar
Spretne Liv.



Men Moggo held slett ikkje fred. Han har gapet vidope, klar til å fanga ei ny glede.


Dei to vennene ser på kvarandre og sukker igjen. Så ser Vesle Sol ned på dei nakne føtene sine som vippar og vippar. Ho ser på den klukkande bekken. Ein einsleg fugl flyg over hovudet på dei, så blir han borte der dei andre fuglane forsvann. Ho set blomekransen på hovudet sitt.



Eg spring så fort beina kan bera meg. Ein av hestane står utanfor stallen og gomlar gras. Eg prøver å dra han med meg inn, men han rikkar seg ikkje. Til slutt vågar eg ikkje venta lenger.

Inne i stallen leitar eg som ein galen etter noko eg kan sperra for døra med, så ikkje monsteret kjem seg inn. Det ligg nokre morkne plankerestar i ein krok, men ingen av dei er lange nok til at eg kan leggja dei på tvers over døra.

Eg høyrer at monsteret trampar rundt på utsida. Pustar og pessar. Murrar og knurrar. Ei sur lukt smyg seg langs bakken og under plankeborda.





Eg krøker meg saman og prøver å pusta gjennom stoffet i T-skjorta for å unngå den verste stanken. Det svir i augo, og ein bekk av tårer kitlar nedover kinnet.

Brått forsvinn heile veggen med eit brak. Eg stirar rett inn i to gule augo. Blikket stikk som knivar.

Eg knip igjen augo. Men ingen ting skjer. Då eg endeleg vågar å opna augo igjen, står framleis monsteret der og stirar på meg. Men det ser ikkje lenger ut som eit monster. Meir som ein veldig stor fugl.

– Går det bra med deg?

Den grove røysta rumlar som ei steinrøys som renn nedover fjellet. Eg kikkar opp, men kan ikkje forstå kven det er som snakkar. Det er ingen andre her enn meg og fuglen. Ikkje som eg kan sjå, i alle fall.

Det kan vel ikkje vera ...?

Eg ser rundt meg ein gong til, men det er ingen andre der.

– Du fekk vel ikkje vondt?

Der er ho igjen, den rare røysta. Men no er eg ikkje lenger i tvil. Det er fuglen som snakkar. Eg ser forsiktig opp på det fæle beistet.

– K-k-kan du snakka? stotrar eg, så redd at eg knapt får fram orda.

– Sjølvsaft kan eg snakka, seier fuglen.

– Men ... men ... du er jo ein fugl, hakkar eg vidare.

Eg får ikkje noko svar. Fuglen ser berre rart på meg, som om han ikkje forstår kva eg snakkar om. Blinkar med dei kulerunde augo og vippar den runde kroppen att og fram på to bein som er så korte at dei så vidt når opp til kroppen.

– Har du nokon gong møtt ein flaksefilur som ikkje kan snakka? spør fuglen til slutt.



alle er hypnotiserte av dei fine fargane. Men me treng skvattsteinane til å bygga reir, så me kan få lagt egga våre. Dette må stoggast, og du er den einaste som kan klara det. Ein ekte gnom er vår einaste von.

– Eg? seier Opus. – Korleis i all verda skal eg klara å stogga det? Eg er jo så liten, og dei er så mange og store. Og dessutan hoppar dei rundt og kastar svære kuler imellom seg.

– Det er enkelt, seier bålleskvatten. – Alle her har svært stor respekt for slike som deg, om du er aldri så liten. Du har høyrte om gnomen Gabbitukules som redda fem hundre bålleskvattar frå undergangen borte i Bålldalen for mange år sidan. Dei hadde rota seg inn i eit klissvas, og hadde det ikkje vore for Gabbitukules, som skar dei ut av vaset, så hadde dei stroke med alle som ein. Hopp opp att i øyrekavringen min, så skal du få den raude tukulespinnen.

– Tukulespinnen?

– Ja, den du må veiva med og laga store, raude ringar i lufta med medan du manar namnet Gabbitukules så høgt du kan. Pipestemma di vil nå igjennom. Bålleskvattar høyrer like godt som dei kan lukta.

Akkurat det var nytt for Opus. Men så kjem han i hug at Gabbitukules i tillegg til ein svært skarp vaskniv òg hadde brukt ein lang, sterk pinne til både å fjerna vaset med og å stikka bålleskvatane med så dei skulle komma seg ut. Det seiast at det var som om dei hadde falle inn i ein transe, men lyden av stemma til Gabbitukules og bruken av pinnen hadde redda dei. Bålleskvattane trudde tydelegvis at denne pinnen i hendene på ein gnom hadde magisk verknad på dei alle.





Rosina våga nesten ikkje å pusta lenger. Ho stod musestill framfor kjempa og såg hendene hans komma nærmare og nærmare.

Då kjende ho ein peikefinger stryka henne blidt over kinnet. Så bøygde kjempa seg fram, og ei gigantisk nasebore lukta på håret hennar, før han lo nøgd og knipsa skarpt med fingrane.

Det var nok eit teikn, for veska som Rosina hadde fått av dei to små damene, opna seg, og ut flaug ei kråke, som på nokre sekund vaks og tidobla storleiken sin. Ho greip tak i Rosina med sterke klør, og svisj! flaug dei mot ei anna dør. Kråka banka tre gonger med nebbet sitt, og døra sprang opp.

– Grrrrrrrhooooo! høyrdest latteren frå kjempa før døra small igjen bak dei.

Kråka sette henne varsamt ned igjen, og Rosina pusta letta ut.

Kor er eg no? tenkte ho.

– I kråkeborg, kråkeborg, kråkeborg ...

Her inne var eit yrande liv.

Blinkande lys overalt, og store og små kråker trippa omkring. Éi sat og spela på eit lite piano, ei anna stod attmed og song med hås stemme og lukka auge, nokre kråkeungar spela fotball med ei juletrekule, og ein tjukk kråkemann sat og las i ei førsteklasse-lesebok.

– S... S... ssol, ssola sskin, las han, såg omkring seg og smilte stolt.

Rosina stod heilt stille, slik at kråkene ikkje skulle leggja merke



til henne. Men etter ei stund kom dei flygande og trippande bort, nappa litt i genseren hennar, reiv opp skolissene, strauk over håret hennar med vengene.

– Fin. Fin. Ho er fin, denne, sa ei og stirte med blanke, svarte auge på henne.

– Ja, men ho har eit merkeleg nebb, sa ei anna.

– Og lite fjører, nesten berre her på toppen, sa ei tredje, som hadde flogge opp på hovudet til Rosina og rota litt omkring i håret hennar.

– Hush, hush! Vekk herifrå! Dronninga vil møte henne!

Orda kom frå den store kråka som hadde tatt henne med opp hit, og straks flaug dei andre kråkene til alle kantar.

– D...d...dronninga? kviskra Rosina. Det var det første ho hadde sagt sidan ho kom inn i berget.

– Ja. Dronninga av Solberget. Du har vel høyrte om henne? sa kråka og sende henne eit skarpt blikk .

Ho kunne ikkje lyga, for då ville stemma som høyrde tankane hennar,



I handa hadde han ein lang og krokete stokk.

– Eg er Gundulf, sa han. – Omreisande trollmann.

Ein trollmann! tenkte David. Kva vil han med meg?

– Er det du som er den utvalde? spurde Gundulf.

David nikka. – Dei seier så.

Gundulf tok sverdet til David og hengde det fast i salen, før han løfta opp David og til slutt steig opp sjølv og ropte ut: – Ri, Telex! Ri!

Hesten la på sprang ned åssida og ut på dei store slettene. Langt der borte kunne David sjå sola som gjekk ned bak Drakefjellet.

Dei rei ikkje så lenge. Telex blei fort trøytt, og Gundulf var svolten.

– Vi slår leir her, sa han og tok av seg den spisse hatten. – Kan du lage bål, Kåre?

– Eg heiter ikkje Kåre, sa David. – Eg heiter David.

– Det klarer eg ikkje å hugse, eg kallar alle for Kåre.

David blei sur, men han gjekk for å samle saman kvistar og greiner til bålet.

Nokre minutt seinare sat dei rundt bålet og varma seg. Gundulf klødde seg og sukka. – Nei, eg held ikkje ut lenger! sa han og reiv av seg skjegget.

Han hadde lausskjegg, og no såg han heilt naken ut i fjeset. Han smilte til David og kremta. – Du lurar vel på kvifor eg har lausskjegg?

David nikka. Han blei brått utrygg på heile opplegget. Var Gundulf i det heile tatt trollmann? Det blei plutseleg mykje kaldare, syntest David. Og den mørke natta blei endå mørkare.

– Eg er ikkje heilt skikkeleg trollmann, sa Gundulf. – Men eg

treng pengane, og denne draken må slaktast, det kan like gjerne vere deg. Du har jo trent i mange år, forstår eg?

David nikka, men byrja å bli sint. – Men korleis skal vi finne vegen opp til draken?

– Akkurat det blir ikkje noko problem, sa Gundulf. – Eg har eit kart som eg lånte av ein annan trollmann.



– Kven meiner du? spurde eg.

– Dei hersens pleiarane. Det er aldri fred å få. Men vi har inga tid å miste. Høyr godt etter, kviskra ho, og eg lente meg fram for å høyre betre. – Ta med deg ein spade og gå den gamle grusvegen ned til elva – du veit kvar eg meiner? Så skal du gå nøyaktig hundre steg oppover langs elva, og der skal du grave. Du må gjere det om kvelden, når det er mørkt. Det du finn, skal du ta godt vare på. Lovar du det?

Eg nikka.

I det same stakk ein pleiar hovudet sitt inn og ville til å spørje om noko, men farmor sende henne eit stygt blikk. Så vende ho seg til meg:

– Gå no. Når du har gjort som eg sa, kan du kome igjen.

Det var skumring då eg sykla heimover. Kva var det farmor fabla om? Den overgrodde vegen ned til elva var ikkje ein veg eg var lysten på å gå åleine, iallfall ikkje i mørket. Men eg hadde ein plan. Eg gjekk inn i skjulet og henta ein spade, så sneik eg meg ut over jordet til Belinda og forklarte henne kva vi skulle. Belinda var alltid med på spennande ting, det var det eg likte ved henne. Og denne gongen var ikkje noko unntak. Ho blei frå seg av begeistring over planen. Det krøllete håret hennar daska omkring henne medan ho sprang rundt og samla saman det ho meinte vi måtte ha med.

– SKATTEJAKT, så gøy!

– Farmor sa ikkje noko om ein skatt. Har du ei lommelykt? spurde eg.

– Denne er mykje meir spennande, sa ho og heldt opp ein gam-
mal lampe som ein måtte tenne på med fyrstikker.

Den gamle lampen kasta eit gulbleikt lys på den gjengrodde
grusvegen og laga lange skuggar. Det bles, haustlauv flaug inn i det
blafrande lampelyset. Belinda klukka fornøgd. Spaden var tung i
hendene mine. Elva klukka òg, då vi nådde henne.

– Femtifem ... femtiseks ... femtisju ... Belinda talde stega høgt.
Vi kjempa oss gjennom greinene og buskane langs elvebreidda.
– Nittiåtte ... nittini ... hundre!

Vi såg oss om, vende lampen i alle retningar. Vi var i ei lita lys-
ning i skogen, dekt av mørkebrune, halvrotne blad. Eg sette spaden
i bakken og prøvde å grave. Eg måtte bruke all kraft for å få opp ein
liten jafs jord. Etter ei stund stod eg og lente meg til spaden og pesa.

– Kanskje vi tok for lange steg? Det er uansett berre noko far-
mor tulla med.

– Kan eg? Kan eg?

Belinda hoppa opp og ned.

– Ja, ver så god, sa eg og
gav henne spaden. Etter
nokre tak høyrde vi ein
metallisk smell.

– Det må vere
skattkista!

Belinda jubla,
kasta seg på kne og
grov med fingrane
så spruten stod, men



Commander Colliander, etter at eg vart troppsførar. Av og til kunne eg lure på kven dei var, dei andre. MonsterBaby, Psych og CrazyBoots.

Eg sørgde for å vere så godt som lydlaus. Og eg passa på å ikkje etterlate meg spor. Først seint på natta fann eg vegen tilbake til mitt eige rom.

Slik var nettene mine. Etter kvart vart eg lei av å vere oppe kvar natt. Ei heil natts søvn. Det hadde vore noko.

Så kom natta då alt vart annleis. Først var alt som vanleg. Eg gjekk til sengs, låg der og venta. Foreldra mine la seg, og eg kopla frå iTid. Fann vegen ned i stova. Men då eg kom ned trappa, såg eg at det sat nokon rundt kjøkkenbordet. Fire skapnader, med kvar sin kortstokk i hendene. Dei fekk auge på meg der i trappa, stira stilt og storøygd på meg.

– Vi trudde du aldri skulle komme, sa den høgaste av dei.

Han måtte vere over to meter høg og hadde eit grønleg skjer over seg. Heile kroppen var dekt med noko som likna svømmehud.

Det ramnsvarte håret verka vått.

– Kven er du? spurde eg.





– Eg er Kunkel, sa han. – Kven skulle eg elles ha vore?

Han drog ut ein stol.

– Vil du vere med på boker? spurde han.

– Du meiner poker, sa eg og sette meg.

Kunkel såg irritert ut. Det rynka seg bistert over dei lysande, gule auga.

– Om eg hadde meint poker, så hadde eg vel sagt poker.

– Om han hadde meint poker, så hadde han vel sagt poker, gjentok fyren som sat ved sida av han, med pipete røyst. Ein hårete kar. Aldri hadde eg sett så mykje raudt hår. Auga hans var det uråd å sjå, og kvar skjegget tok til, kunne ingen seie. Heile typen såg ut til å vere laga av hår.

– Kjeften på deg, Jakobsen, sa Kunkel. – Folkens! Vi må samle korta, stokke om. Vi har fått ein femtemann i bokerlaget.

– Sem, korta dine! Dokter Jeger!

– Typisk, sa dokter Jeger. Han slengde korta frå seg på bordet og tok ein diger bit av eplet som låg framfor han. Det var visst ikkje første biten. Det låg to skrottar der allereie. Det tok litt tid før eg såg at dokter Jeger hadde to munnar. Han togg med den eine og svelgde med den andre, samtidig.

– Sem! sa Kunkel. – Kom igjen!

– Men eg har jo dei korta! sa Sem. Han hadde ei sid, rutete skjorte med svært høg krage.

– Det seier du alltid, Sem, mumla det bak alt håret til Jakobsen.

Kunkel gjekk i gang med å stokke. Han såg heile tida på meg medan han gjorde det, som om han tok mål av meg. Det skein skarpt og mistenksamt frå dei gule auga.



Då kvelden kom, fann ho fram boka av mose og bladde seg igjen-
nom dei tidlegare årstidene. Ho såg bilete av henne og Martin. Dei
passa godt saman. Mens Martin var alvorleg og stille, kunne Malin
vekke alle dyra i skogen med den klukkande knisinga si.

Dei hadde vakse opp saman, og då dei hadde blitt
store nok, måtte dei reise frå heimen. Dei fann eit
hus i eit berg, der sprekkene inn var for smal for dei
sintaste rovdyra. Dei sank kvister om morgonen,
kunne gå langt inn i
skogen og over til
det andre fjellet.
Dei fylte kronene
med tørre kvister
som ville gneistre
til lyn. Av og til
måtte dei overnatte
på turen. Då fann dei
sprekkar i knausane, ålte
seg inn i det mørke.

Dei var nesten alltid
saman, men kvar
vår måtte Martin
forlate henne for
å hente sommaren.
For viss ikkje som-
maren kom, kunne ho
dei alltid frykta, dukke opp.





Jenta. Ho som gret snøkrystallar. Mens Martin var borte, måtte Malin klare seg aleine. Ho sat i hola og strikka, gjekk i skogen og samla kvister og granbar, og viss ho kjende seg veldig einsam, la ho seg i graset og lukka auga og tenkte på mora si, som hadde det snillaste ansiktet, og som alltid gav Malin varme. Det kunne gå fleire dagar og netter før Martin kom tilbake. Men då hadde han sommaren med seg.



Men dei siste gongene hadde han kome tilbake med hendene fulle av regn.

Malin spurde om han ikkje hadde funne sommaren, og han rista på hovudet. Han la seg på granbar, og hjartet hans rista.

Ho kalla på fuglane, både kjøttmeis og sporvar, og bad dei om å finne ut om sola hadde gøymt seg bak eit fjell.

Den neste natta vakna ho av ul frå skogen. Ho tenkte først det var rovdyr, men ho hørte ikkje den dirrande knurringa som ulvane ofte laga.

Kunne det vere framande?

Ho rulla seg rundt, og med hjelp av halen kravla ho seg opp på alle fire. Ho stakk seg under føtene på noko granbar.

Ho kika ut av gluggen, men det var berre mørkt der ute.

Eller.

Var det eit forsiktig dim av kvit dis som kom rullande mellom trea?

Ho ålte seg gjennom gangen, der det stakk busker og våt bork frå alle kantar, og skauv forsiktig den runde steinen bort frå den smale opninga.

Disen vart sterkare, og snart forma han ein kjole.

Kunne det vere jenta?



Har du nokon gong møtt ein knurrebakkedink?

Har du høyrte ei trådsnelle snakke?

Og drøymer du om eit hav av ostepop i ny og ne?



Fantasiboka er den femte boka i den populære serien med nyskrivne forteljingar på nynorsk – antologiane som etter kvart har blitt klassikarar og samleobjekt i mange hus. I denne boka har forfattarane lagt forteljingane bort frå det kvardagslege og til univers fulle av fabelaktige fantasivesen.

Her møter du kattar som snakkar, dykkarkl okkar som går på land og Olvi som aldri har sett noko så merkeleg som eit menneske.

Ei bok som set fantasien i sving hos både små og store og som fungerer både til høgtlesing og sjølvlesing.

Kari Smeland

Odd W. Surén

Lars Mæhle

Bente Bratlund

Gunvor Rasmussen

Maria Parr

Solfrid Sivertsen

Guri Sørungård Botheim

Erlend Kaasa

Øyvind Vågnes

Anders Totland

Ingelin Røssland

Brynjulf Jung Tjønn

Karl Seglem

Øystein Vidnes

Tor Arve Røssland

Linn T. Sunne

Mette Karlsvik

Illustrasjonar av Gunvor Rasmussen

